



Innsamlarane i Uskedalen klare til innsats i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I to timar måndag gjennomfører Uskedalen Helselag den årlege bøsseinnsamlinga til inntekt for Demensaksjonen som Nasjonalforening for Folkehelsen held. I fjor vart det ein imponerende innsamlingsrekord her i bygda. Resultatet var 20.272 kroner, men det er sjølvstakt ikkje noko i vegen for at rekorden kan bli slegen allereie i år!

Helselag-leiar Selma Eik går i alle fall ut i frå at det vil møta fram rundt rekna 20 bøsseberarar på AFA klokka 16.30 slik det plar gjerna. Aksjonsdagen på landsbasis er eigentleg laurdag, men helselaget har gjennom fleire års erfaring funne ut at måndagen etter er ein vel så god innsamlingsdag.

Dette er åttande gongen Demensaksjonen vert halden og den er viktig for mange. No er 68.000 nordmenn råka av demens, ein uheldig folkesjukdom som rammar både sjuke og pårørande og som oftast har som konsekvens at den sjuke blir pleietrengande, Den rammar først og fremst dei som har passert 65 og Alzheimer er den vanlegaste demens-sjukdommen, Den har omkring 65 prosent av demenspasientane.

Målet til Nasjonalforening er å hindra eller forseinka utviklinga av demens – gjennom stadig større forskningsinnsats.

Pengane frå aksjonen går difor i stor grad til forskning, men også til samtalegrupper for sjuke og pårørande, informasjon om demens og opplæring av frivilljuge.

Av Ola Matti Mathisen



- og her er bøsseberarane som sette rekord i 2007! (Foto: Ola Matti Mathisen)